



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Administrasjon

KVINNHERAD POLITISTASJON

Postboks 85

6901 FLORØ

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Gunn Berit Sandnes Fosse</b>	<b>970 24 282</b>	<b>2024/5376-13</b>		<b>06.03.2025</b>

## Søknad om løyve til uteservering - Spritz - Halsnøy - Spritz AS

Kvinnherad kommune har motteke søknad i frå Spritz AS om å utvida serverings- og skjenkeløyve til å inkludera utendørs skjenking. Dei skriv at dei ynskjer å etablera område for utendørs skjenking. Skjenkeområdet vil verta tydeleg avgrensa med 150 cm høgt glasrekkverk, kun med opning for entré.

Entré vil på same måte som det er i dag venda fram mot inngangen ved gatekjøken, ikkje direkte i veg. Hovudvegen er skjerma av eksisterande mur. Dei vil setja opp hindring i framkant for å hindre tilkomst av bilar tett på skjenkeområdet.

Spritz er etablert i næringsområde, kor næraste fastbuande nabo er omlag 150 meter frå skjenkestaden.

Dei ynskjer at utendørs skjenking kan starta før påske, og med same skjenketider som innandørs.

Ber om uttale til søknaden.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Gunn Berit Sandnes Fosse  
Sektorleiar - Administrasjon

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Vedlegg: Bilde frå området